

## **Om utvandringa frå Nord-Østerdalen til Troms med Jon Holm Lillegjelten Ômvesla med Nina Fjeldet, - ein forteljarkonsert om å satse, om å reise og om å bli.**

Ei av dei mest øydeleggjande naturkatastrofene i Norges historie er Storofsen i 1789. I perioda 21.-23. juli dette året, grunna kraftig regn og rask snøsmelting, gjekk bekkane og elvane i store deler av Austlandet over breiddene, og førte til store øydeleggingar blant anna i Gudbrandsdalen og Østerdalen.

Storofsen er ein av fleire faktorar som førte til at befolkninga endra seg i Nord-Østerdalen. Vanskelege levevilkår vart forsterka, og mange familier søkte etter nye moglegheiter, enten i Nord-Norge eller i Amerika.

Staten oppmuntra til busetting i nord, spesielt i dalførene Bardu og Målselv. Her var det god tilgang på jord, og området var tunt befolka. Skattelette og andre fordelar kom dei nye innbyggjarane til gode.

Høs-Knut, 1799-1882, den kjente møbelsnekkaren frå Os, reiste på sine eldre dagar til Bardu, der han budde hos syster si Olava og svogeren Jon J. Hansel.

Også i nyare tid finn folk vegen nordover. Ei av dei er Nina Fjeldet frå Gausdal, som til og med har laga forteljarkonsert om det. Med fela som reisekamerat tek ho oss med på ei mangslungen reise. Det tok til med at foreldra tok henne med på leikøvingar då ho var lita. Dei vaksne dansa, og ungene leikte. Gausdal Spelmannslag var fast musikk, og da ho fekk prøve ei fele i 7-årsalderen var ho seld.

På Malungs Folkhøgskola lærde ho svensk felespel, etterpå var det Ole Bull Akademiet, ein master i utøvande folkekunst frå Rauland har ho og.

Forteljarkonserten har fått navnet Ômvesla, der teksta og musikken er av Nina Fjeldet, regien ved Silje O. Hålien, produsent er Riksscena, og tekstleg rettleiing av Liv Gulbrandsen.

Til Palmehaven i Trondheim, konsentrasjonsleiren i Auschwitz og langs landevegen med romanifolket skal vi og.

«Vi fikk ei reise i tid og rom som sent vil glemmes. ...og Nina sjøl, i sin egen rustne Toyoya. En gripende historie om levde liv og sterke skjebner gjennom tida, alt akkompagnert av vakkert felespill og elegant fortellerstil»

Slik opplevde Gausdal historielag Ômvesla, og dei takkar for opplevinga dei fekk da Nina gjesta heimbygda ein junidag sumaren 2024.

I Gudbrandsdalen betyr ômvesla å vøle om eller å endre. Når ein så, etter å ha skrivi om Høs-Knut, kan lesa at omvesla er eit gammalt begrep frå Østerdalen og Trøndelag, brukt om omreisande handverkarar, særleg dei som dreiv med trearbeid, og at i Os og resten av Nord-Østerdalen var det fleire kjente omvesler, blant anna Høs-Knut frå Os... Det er da tanken om dobbeltilfellenes mysterium dukkar opp.

Omveslene vart gradvis borte utover 1900-talet, da industrialiseringa og meir moderne handel gjorde at folk kunne kjøpe ferdige varer. «Om» kjem av rundt, og «vesla» av vandre, eller bevege seg, og beskriv folk som reiste fra gard til gard og bydde fram tjenestene sine.

Jon Holm Lillegjelten bur på Holm-garden i Os, der Høs-Knut og far hans i 1818-1819 innreidde hovudbygningen. Jon er lokalhistoriker, tidlegare arbeidsleiar ved bygningsvernsenteret på Rørosmuseum, og er ein svært ettertrakta foredragshaldar.

Han vil fortelja og visa bilder om utvandringa frå Nord-Østerdalen til Troms ein halvtimes tid, og etter ei pause får vi Ômvesla med Nina Fjeldet.

Stenfjøset Ivaregga torsdag 24. juli kl. 19

Inngang 300, kaffe og kake på billetten

Vipps, terminal og kontant

Kjøp gjerne billett på vipps #821598 før du kjem

Parkering på Hamran

